



Magne Hope AS
Litlåsvegen 197
5954 MONGSTAD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6602 - 14/21798

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

25.09.2014

Avvising av søknad - gbnr 125/44 Kjeilen - lagerhall

Administrativt vedtak. Saknr: 288/14

Vi viser til Dykkar søknad om tiltak etter Pbl § 20-1, motteken med vedlegg den 16.09.2014. Søknaden omfattar oppføring av lagerhall.

Vurdering

Det er registrert fleire manglar ved søknaden. Manglane gjeld bland anna følgjande forhold:

- Saka oppfyller ikkje vilkåra for 3 vekers sakshandsaming
- Det går ikkje fram av søknaden kva hallen skal brukast til
- Det kan sjå ut som at tiltaket har samband med eksisterande eller framtidigs arbeidsplassar (yrkesbygg utan faste arbeidsplasser). Samtykke frå arbeidstilsynet ligg ikkje føre
- Opplysningar om tiltaket sine ytre ramme og bygningsspesifikasjon (byggblankett 5175) er ikkje sendt inn
- Tiltaket er i strid med punkt 3.1 og 3.40 i føresegnene til kommunedelplanen. Det er sett krav om reguleringsplan. Det er ikkje sendt inn ein søknad om dispensasjon frå plankravet
- Naboar er ikkje varsla om at tiltaket er i strid med plan og krev dispensasjon
- Søknaden er sendt inn i eitt trinn. Det er i tillegg til dette sendt inn søknad om igangsetjingsløyve
- Situasjonsplanen er mangelfull. Avstanden til nabogrensa er ikkje påført situasjonsplanen. Det kan sjå ut som at omsøkte plassering av hallen vil medføre vesentlig terrenginngrep
- Det er ikkje sendt inn fagmessige teikningar. Kommunen skal ha plan, snitt og fasadeteikningar. Desse skal vere påført eksisterande og framtidige terrenglinjer fram til nabogrensa. Dei skal i tillegg vere målsett og i målestokk.
- Gjennomføringsplanen er ikkje signert, datert eller påført versjonsnummer. Kryss for planlagt samsvarserklæring er ikkje erstatta med dato.

Dette er ikkje å sjå på som ei fullstendig liste av alle manglane i saka.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og byggesak kapittel 5.

Søknaden er vurdert å vere for mangelfull til at den vert teke til handsaming.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

Avvist sak	Gebyr
10.2.11	2.100
SUM	2.100

Avgjerd

Søknaden vert sendt i retur uhandsama, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Ein gjer merksam på at byggesaka med dette er avslutta. Ny komplett og kvalitetssikra byggesak må sendast inn om søknad skal verte realitetshandsama.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marinett Eiendom

Litlås

5953

FONNES

Mottakarar:
Magne Hope AS

Litlåsvegen 197 5954

MONGSTAD